



## Valprogram for Alver SV 2019 - 2023

---

Alver SV vil skapa ein inkluderande kommune med sterke fellesskap og små skilnader. Ein kommune som handlar og ikkje berre pratar i møte med klimakrisa. Ein kommune for vanlege folk, der dei på toppen bidrar mest. Ein kommune der alle kan lukkast og ingen vert utelukka.

I dag er det to store kriser som truar vår visjon, og desse må me ta på alvor når me skal laga Alver kommune.

Den eine heiter ulikskapskrisa og kjem av av aukande økonomiske skilnader. Desse må det jobbast aktivt mot, både nasjonalt og lokalt.

Ingenting er mindre norsk enn store skilnader.

Den andre krisa heiter klimakrisa og er skapt av høge klimagassutslepp. I Alver må me gjere alt me kan for å kutta våre eigne utslepp, slik at me kan gå fram som eksempel og inspirere dei rundt oss.

Alver SV krev at desse krisene faktisk vert tatt på alvor i den nye kommunen.



## Den økonomiske situasjonen

- Kutte i løna til politikarane – maks 8 x grunnbeløpet for full stilling
- Skape nye arbeidsplassar og auke skatteinntektene
- Opprette bygdevekstråd - eit rådgjevande organ som skal kome med innspel til korleis me kan gjere kommunen meir attraktiv for innflytting
- Innføre rettferdig eigedomsskatt i heile Alver

## Berekraftig Alver

- Lage ein ambisiøs energi- og miljøplan for Alver
- Stille strengare miljøkrav til det offentlege
- Stoppe offentlege innkjøp av unødvendig eingongsplast
- Få på plass nok ladestasjonar for elbil
- Gjere det enklare for bønder å velje silo i staden for høyballar
- Lage ei ordning med vederlag for fiskarar og andre som hentar opp boss frå sjøen
- Gjere det enklare for folk å velje kollektivtransport

## Distriktvennleg Kollektivtransport

- Forhandle fram eit betre busstilbod med fylkeskommunen - spesielt for dei som bur på ytterpunkt som for eksempel nord på Radøy
- Sikre gode parkeringsplassar for folk som nyttar buss
- Gå inn for fleire og billigare hurtigbåtagangar
- Kjempe for å få på plass bussar for arbeidarar til og frå Mongstad



## Skule

- Fjerne lekser frå grunnskulen
- Greie ut kostnadane ved å gje alle born i grunnskulen eit gratis, næringsrikt måltid kvar skuledag
- Støtte bygging av ny ungdomskule på Frekhaug
- Hindre all nedlegging av skule - Alver SV er ein garantist for å behalde Austebygd skule
- Innføre ny og betre seksualundervisning
- Syte for tilfredsstillande skulehelseteneste
- Gjere det mogleg for helsesjukepleiar å vere på skulen oftare
- Syte for at alle born får god symjeopplæring
- Kommunen må ta inn fleire lærlingar
- Få til eit betre samarbeid mellom kommunen og næringslivet slik at ein kan sikre lærlingplassar til alle
- Sette inn / styrkje tiltak mot mobbing i skulane
- Syte for nok personale med spesialpedagogisk kompetanse

## Ungdom

- Behalde alle ungdomsklubbane på Radøy, Lindås og Meland
- Behalde minst to ungdomskoordinatorar - helst alle
- Bruke midlar som vert frigjort ved å redusere politikarløn, til for eksempel ei ekstra stilling som ungdomskoordinator
- Utvide ordninga for gratis HPV-vaksine for ungdom
- Støtte opp om ordningar og arrangement som styrkjer bandet mellom politi og ungdom
- Innføre stemmerett ved kommunevalg for 16-åringar



## Barnehage

- Sikre plass i gode lokale barnehagar til alle born
- Syte for at all barnehagedrift er profittfri
  - born, ikkje business
- Gå inn for at kommunen skal gje alle nye anbod til kommunale eller ideelle aktørar
- Jobbe for at den nye bemanningsnorma skal vere ei minimumsnorm

## Arbeidsliv og velferd

- Jobbe for heiltidskultur - alle kommunale stillingar bør lysast ut som heile stillingar
- Innføre Skien-modellen som sikrar lærlingplassar og hindrar sosial dumping i byggebransjen
- Forby profitt i velferda - kun kommunal eller ideell drift
- Avvikle konkurranseutsetjing av alle kommunale tenester
  - frå omsorg til reinhald
- Halde barnetrygda utanfor utrekninga av sosialhjelp
  - ingen skal straffast for at dei har born og tek imot økonomisk stønad
- Innføre vikarpool for å redusere ufrivillig deltidsstillingar, auke driftsresultat og kvalitet på ulike tenester

## Helse

- Bevare helsestasjonane for ungdom
- Tilby fulltidsstillingar for helsesjukepleiarar
- Styrkje lavterskeltilbod for rusmiddelavhengige
- Gå inn for eit samarbeid med nabokommunane om etablering av beredskapsbustader for familiar som er utsette for vald i nære relasjonar



## Kultur

- Ja til kulturhus
- Opprette eit teater for born og ungdom
- Støtte bygging av Osterhallen

## Eldrepolitikk

- Sette i gang ein reell gjennomgang av mattilbodet på sjukeheimane
- La Morgondagens Aktivitetssenter vere ein del av nytt kulturhus
- Innføre kommunal bemanningsnorm for sjukeheim og heimesjukepleie

## Ta heile Alver i bruk

- Sikre eit godt offentlig tenestetilbod i heile Alver
- Aktivt jobbe mot at offentlege institusjonar vert flytta til Knarvik
- Betre kollektivtilbodet i kommunens ytterpunkt

## Landbruk

- Opprette landbruksråd i Alver kommune
- Vidareføre veterinærvaktordninga
- Ha som mål å bruke så mykje matjord som mogleg. Skal det byggjast på matjord skal den flyttast så den ikkje går tapt.
- Auke tilskot til slått og beite for å ta vare på kulturlandskapet
- Ein skal ikkje straffast for å ikkje auke produksjonen - Ja til småbruk



## Bustad

- Alltid ha eit kommunalt tomteselskap
- Byggje studentbustader - offentlege uteigebustader
- Betre, forenkle og systematisere kommunal rettleiing av private aktørar / personar som ønskjer å byggje på eiga tomt

## Veg

- Syte for trygg skuleveg for alle born. Utan trygg nok veg, skal dei ha skuleskyssordning
- Sikre trygge vegar og rassikring framfor store nye prosjekt

## Naturvern

- Seie nei til vindmøller på land i Alver
- Redde humler og bier ved å påleggje bruk av insektvennlege alternativ til skadelege sprøytemiddel
- Alver Kommune skal bruke plantar som gjev gode vilkår for bier, både med tanke på honning og pollen
- Bevare naturområdet i Lonene og rundt Brekkeløypa - nei til all utbygging.



## Bompenger

Alver SV seier nei til bompengepakken og vil ikkje støtte den. Det rår særst stor utryggje om dei økonomiske rammene er store nok og vi fryktar at det vert store overskridingar på dei totalt 19 prosjekta.

Det har òg vore umogleg å få truverdige tal på bordet, noko som styrkjer mistanken vår om at desse prosjekta er underfinansierte og at det vil verte eit pengesluk utan sidestykke i kommunen vår.

Med sjanse for at det vert bompenger på kvar side av Nordhordlandsbrua, vert innbyggjarane i Alver kommune hardt råka økonomisk og det er dei med lågast inntekt som vert råka hardast. Slik bompengepakken ligg føre i Alver kommune er det heller ikkje tatt omsyn til eit miljøperspektiv.

Alver SV går til val på at bompengeavtalen skal seiast opp og at kommunen aktivt skal jobbe for å finne andre alternativ til finansiering av vegar, samt vere edrueleg i planlegging av nye vegar i kommunen.

## Tiltak

- Seie nei til bomfinansiering av Nordhordlandspakken og gå inn for å trekkje oss ut av avtalen til prosjektet kan finansierast på ein meir rettferdig måte
- Hvis me trass all kamp ikkje får stoppa avtalen og må bomfinansiere Nordhordlandspakken vil me:
  - Kreve endring av dei planlagte plasseringane av bomstasjonane, slik at ein oppnår miljøgevinst.
  - Kreve ei rabattordning på tvers av kommunegrensene slik at ikkje innbyggjarane i Alver kommune skal bli økonomisk råka meir enn naudsynt.